

Imponerende gevinstliste

27.01.2012



Anne Rørheim har vore ein krumtapp i kopset i ei vanskeleg tid og er no ein krumtapp i basaren. her sl ho lodd på SPAR i dag.

Det er ei imponerende gevinstliste skulemusikken kan lokka med før den årlege basaren som er korpsets største inntektskjelde. Den plar gje rundt 40 000 i kassa og blir denne vinteren avvikla søndag 5. februar klokka 16. Loddsalet har vore igang rundt i bygda ei tid og i dag er det sal på SPAR. Truleg kjem ein ny runde der neste fredag.

Her er nokre av dei 24 gevinstane som 'basarkonsulent' Anne Rørheim har på lista si og som det slett ikkje var problematisk å skaffa:

Gåvekort på 500 og 400 kroner, 2 bilettar til arrangement, fruktkorger, knivsett, brikker, vaffeljern, fotbad, spekepølse, blome, lego, leikebondegard, dokka, hårstyling, hardangerbestikk, skrujernsett og løper

Basaren blir som alltid før halde på Helgheim og følgjer det tradisjonelle opplegget. Den opnar med ein minikonserter av eit korps som etter manges meining er inne i ei klar oppgangstid att musikalsk sett.

Korpset har no også fått ny leiing og i det nye styret sit trioen Elin Enæs, Haldis Åkra og Anne Guri Kildal. Valet skjedde under årsmøtet for få dagar sidan

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen